

Hasse Børge Annaniassen
Skarsvegen 838
5912 Seim

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7564 - 23/38948

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2023

Løyve til å bygge landbruksveg på gbnr. 150/1 og 2 Storokse i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr: 524/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Hasse Børge Annaniassen løyve til å bygge landbruksveg som søkt om på gnr. 150, bnr. 1 og 2 Storokse i Alver kommune.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tuffer med meir. Der ein lyt krysse steingardar, skal opninga gjennom desse ikkje gjerast større enn naudsynt. Vidare skal kantane på steingardane i kryssingspunkt vere oppmurte og rette i endane.
- Vegen må ikkje sperrast med bom på ein slik måte at det kjem i konflikt med friluftsløva § 3a.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle massar som vert køyrt til utanfrå, ikkje er ureina.
- Veganleggget må byggjast i samsvar med krav sett i «normalar for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 2 – heilårs landbruksbilveg. Avvik kan førekome i høve stigning.
- Vedtaket er gyldig til 01.05.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.05.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Før arbeidet startar opp må andre løyve etter anna regelverk vere på plass. Det gjeld t.d. avkørsle/endringsløyve til avkørsle til offentleg veg. Tiltakshavar må i tillegg syte for at privatrettslege tilhøve er avklara før oppstart av anlegget.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort, jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Saka gjeld

Hasse Børge Annaniassen søker om å få ruste opp landbruksveg i vegklasse 4 – sommarbilveg for tømmerbil med hengar på gnr. 150, bnr. 1 slik som fig. 1 nedanfor syner. Opphaveleig vart det sendt inn søknad om ein kortare trasé (utan sidevegen), men søknaden er no endra frå 1200m til 1400 m. Vegen vert om lag 1400m og løyser ut 400 daa hogstmoden skog med til saman 15000m³. Vegen er kostnadsrekna til kr 1.517.000,-. Det skal takast ut masse i eit område som synt i fig. 1, men m³ er ikkje oppgjeve. Vegen er planlagt av Nils Kaalaas som har lang og brei erfaring med slik planlegging. Det er ikkje oppgjeve storleik på masseuttak for veganleggjet, men etter å ha drøfta det med vegplanleggjar, har vi kome fram til at 1.500m³ er 4høveleg.




Fig. 1. Oversyn over vegtraséen det er søkt om.



Fig. 2. Vegen startar frå tunet og går nordover på innmark.



Fig. 3. Lenger nord går traséen inn i gamalt beiteland.



Fig. 4. Sidevegen merka gult i fig. 1 skal leggjast oppover i sokket i terrenget til høgre for straumstolpen.



Fig. 5. Vegen held fram innover i skogen (her på bnr. 2).



Fig. 6. I dette flate partiet og til høgre skal det lagast ein snuplass (bnr. 2).

VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til framtidig uttak av skog på gnr. 38, bnr. 7. Vegen er i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter søk i Naturbasen via gardskartet og Artsdatabanken er det funne Glansmarikåpe i artsdatabanken med plassering i tunet på bnr. 1. Glansmarikåpe er rekna som livskraftig. Tiltaket ligg òg innanfor «Den Indre Farleia». Den Indre Farleia er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Kommunen kan ikkje sjå at bygginga av landbruksvegen det her er søkt om, kjem i konflikt med denne registreringa. Utover dette er det ikkje funne noko i desse søka.

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsinteresser. Søknaden er òg sendt til Statsforvaltaren.

Alver kommune, kultur har svara på den opphavelege søknaden. Den planlagde landbruksvegen går gjennom eit område som vart registrert som friluftsområde i «Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i 2017». Kommunen kan ikkje sjå at den planlagde landbruksvegen kjem i konflikt med friluftsintessene. Det er ingen registrerte kulturminne i det aktuelle området. Det vert vidare peika på at vegen ikkje må sperrast med bom på ein slik måte at lovleg ferdsel etter friluftslova § 3a vert hindra. Om vegen må gjennom steingardar, bør ikkje opninga gjerast større enn naudsynt. Kantane bør vere oppmura og rette i endane.

Vestland fylkeskommune har svara både på den opphaveleg søknaden men òg den reviderte søknaden. Fylkeskommunen peikar på at det ligg ei automatisk freda gravrøys frå bronsealderen på nabogarden gnr. 153, bnr. 1 men at potensialet for funn av automatisk freda kulturminne er liten i traséområdet for vegen. Dei har såleis ikkje kjennskap til automatiske freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som tiltaket kan kome i konflikt med. Dei har såleis ingen avgjerande merknader i saka, men held fram at ein under opparbeiding av vegen søker unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tufter med meir.

Fylkeskommunen minner òg om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Om automatisk freda kulturminne som funn av gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast frå om til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stansast til rette forvalningsstyremakt har vurdert funnet. Gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått teke i mot slik melding.

Statsforvaltaren har gjeve attendemelding til den opphavelege søknaden. Dei har vurdert miljø- og landbruksinteressene og har ikkje merknad til dette veganleggjet.

Det er søkt om vegklasse 4. Den kommunale vegen opp mot tunet der den omsøkte vegen skal starte frå, er av ein slik standard at den må utbetraast om skogsbil med trekkvogn skal kunne ta seg fram. Dette er noko søkjar, kommunen og eventuelt Statsforvaltaren lyt sjå på.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget

som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom, skal òg ha løyve frå den som eig grunnen. At kommunen har gjeve eit løyve til bygging, går ikkje framom manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Det same gjeld avkørsleløyve/endringssløyve til offentleg veg, noko som må vere avklart før bygging tek til.

Vi minner om innhaldet i § 2-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar står det at «*søkeren skal på forhånd ha underrettet de som blir berørt av veitiltaket og gi opplysninger i søknaden om at dette er gjort*». Vi legg til grunn at dette vert gjort.

Kommunen har med dette løyvet altså ikkje teke stilling til privatrettslege tilhøve i vår vurdering/vårt vedtak.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova
- Friluftslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må hove til å klage på vedtaket vere nyttal fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7564»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hasse Børge Annaniassen Skarsvegen 838 5912 Seim